

Som medlem i Trott IL fotball får du:

- Delta på treningar, cupar og andre aktivitetar som er prega av Trott sitt motto: Flest mogleg, lengst mogleg og som blir drivne etter IL Trott sine retningslinjer. (sjå handboka på Trott si heimeside www.trott.no)
- Delta som spelar, trenar, leder, dommar, foreldre på Spar Haga cup.
- Årsfest for alle aldersgrupper

Trenarar og leiarar i Trott skal:

- Vera gode forbilde og trygge vaksne
- Drive all aktivitet etter IL Trott sine retningslinjer (ref. handboka)
- Vise gode holdninger ved å møte presis, godt forberedt, motivert og ha med rett utstyr.
- Ha godt humør!
- Holde seg orientert om aktiviteten i klubben
- Sørge for egen fagleg utvikling.

Spelarar i Trott skal:

- Ha gode haldningar og godt humør
- Drive all aktivitet etter Trott fotball sine retningslinjer
- Vise gode haldningar ved å møte presis, godt førebudd, motivert og ha med rett utstyr.
- Sørge for egen sportsleg utvikling - eigentrening.
- Planleggje tida og aktiviteten sin i f.t. skularbeid, fritidsaktivitetar, søvn, fotball. (kosthold og livsførsel)

Foreldre til spelarar i Trott skal:

Engasjere seg aktiviteten til barna. Gjere seg kjend med og følgje opp foreldrevettregler. Betale kontingent. Stille opp på dugnader.

Nye medlemmar

Kvar haust har IL Trott oppstart for nye gutar og jenter som vil spele fotball. Idrettslaget vårt er drive på dugnad, så trenarar og oppmenn for laga vert rekrutterte blant foreldra.

Kontingent pr.2014:

Minigutar / Minijenter(7-8år)	kr. 500,-
Minigutar/ Minijente (9-10år)	kr. 800,-
Lillegutt/Lillejenter	kr. 800,-
Smågutt/Småjenter	kr. 1000,-
Gutt/Jente	kr. 1200,-
Junior H / Junior D	kr. 1500,-
Senior (inkl. 500,-i forsikring)	kr. 2000,-

Fair Play



Fair Play handlar kort og godt om korleis me oppfører oss mot kvarandre på og utanfor fotballbanen. Det handlar om gode haldningar og gjensidig respekt for motstandarar, trenarar, dommarar og andre medlemmar av fotballfamilien.

Kampverten skal bidra til å skapa gode rammer og gode opplevingar for alle involverte i kampen.

Fair Play helsing (å helse på motstandarar og dommar) skal i Trott gjennomførast både før og etter kamp.



Trott for alle



Bli med på utviklinga av Trott og Nordbygdo - nærmiljøet der du bur!

Hovudmål i Trott Fotball:

Barne og ungdomsgruppa i IL Trott har som målsetting å leggja tilhøva til rette slik at flest mogleg barn og unge, på alle nivå skal få ta del i fotballaktivitet prega av tryggleik, meistring, trivsel og Fair-Play.

I Trott skal det vera eit godt miljø, både sportsleg og sosialt. Miljøet i klubben skal vera positivt, engasjerande, inkluderande og rusfritt.

Idretten skal vera ein samlingsfaktor der det skal vera plass til alle som vil driva med fotball, utan tanke på kva bakgrunn eller kva livssyn dei måtte ha.

Cupar

Trott ynskjer at lag i same aldersgruppe skal delta på same cup. Dette for å auka det sosiale utbyttet og leggja til rette for at foreldre med fleire born som spelar fotball, får høve til å følgje borna sine.

Dei yngste:

-BendIt cup - Fitjar cup - Puttefestivalen

Dei eldste:

-Aasen cup - Husnes cup - Etne cup - Telemark cup
- Dana cup

KVALITETSKLUBB!

Trott har starta arbeidet og vert den første klubben i Sunnhordland som har søkt om å verte kvalitetsklubb. Styret og arbeidsgruppa i Trott har stor tru på at dette er vegen å gå, då me er ein klubb i stor vekst. Dette vil sikra struktur og kvalitet i alle ledd. Noko heile klubben vil ha glede av.

Dugnader



Spar Haga Cup

Spar Haga Cup

Medio september kvart år arrangerer me Spar Haga Cup for 10-12 år.

Då er det fest og myldrande liv i Prestegardsskogen. Det er føresette for involverte lag som arrangerer den.

Trott basaren

Kvar haust er det folkefest i Samhald, då går Trottbasaren av stabelen.

Det er stappfullt og kjempestemming.

Kvar spelar sel to loddbøker og skaffar ei åregevinst til ein verdi av ca. kr 50,-



Flest mogeleg lengst mogeleg!



NYTT KLUBBHUS

Trott har dei seinare åra utvikla seg positivt i høve medlemsmasse, talet på lag og personar rundt idrettslaget. Endringar i medlemsvekst og endringar i sosiale relasjonar har ført til eit sterkt ønskje om ein ny samlingsstad, eit klubbhus med gode lagerfasilitetar. Trott vil kunna gje eit mykje betre tilbod til nærmiljøet og til gjestande lag og personar.

Trott vonar at ein i løpet av haust/vinter 2014/15 vil kunna vera godt i gong med realiseringa av nytt klubbhus.

TRAFIKKTRYGGLEIK

" Vi har ingen å miste, og ynskjer å gjere alt vi kan for å unngå ulykker."

Me håper at **DU** som er spelar, lagleiar og foreldre saman med oss kan vera med og gjere transporten av spelarane våre så sikker som mogleg. Desse retningslinjene vil vere med og auke trafikktryggleiken:

Kjøring til kamp / trening:

1. Hold fartsgrensa
2. Ha god tid til kamp. Kjør til avtalt tid. Somling skaper stress
3. Bruk bilbelte
4. "Sei i frå"
5. Alkohol og idrett høyrer ikkje saman.

Sykling til trening:

1. Bruk hjelm
2. Bruk gang- og sykkelsti, der det finst.

IL Trott:

Postboks 790 - 5404 Stord
trott@sklbb.no www.trott.no

Ungdomsleiar: Hilde H Kjelsnes